

Saksbehandlar: Jo-Andreas Lunde Meisfjordskar, Nærings- og kulturavdelinga
 Sak nr.: 17/408-8

Regionale utviklingsmidlar 2017 - fordeling 4

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for næring og kultur å gjere slikt vedtak:

1. Framtidsfylket AS vert støtta med 200 000 kr til karrieremessene i Bergen og Trondheim og til produksjon av magasinet #utanfilter.
2. Mediefondet Zefyr vert støtta med 205 000 kr.
3. Vestnorsk Filmkommisjon vert støtta med 300 000 kr.
4. Det vert sett av 200 000 kr til Ungt Entreprenørskap sitt prosjekt GreEnt. Fylkesrådmannen får fullmakt til å ta endeleg stilling til søknaden.
5. Nærøyfjorden verdsarvpark vert støtta med 400 000 kr fordelt med 200 000 kr for kvart av åra 2018 og 2019 under føresetnad av at alle medstiftarane forpliktar seg til ei fast økonomisk støtte for åra 2018 og 2019.
6. Fagskulen i Sogn og Fjordane vert støtta med 800 000 kr i 2018 til Teknologicampusprosjektet.
7. Jakob Sande-selskapet får ei løyving på 75 000 kr til forprosjekt «Jakob Sande – Diktaren og husa og forteljingane.»
8. Vestnorsk filmsenter vert løyvd 100 000 kr i driftstøtte i 2018.
9. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere resterande driftsmidlar på næring og kultur sitt budsjett for 2017, programområde 701 næringsretta innsats.
10. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere unytta breibandmidlar på næring og kultur sitt budsjett for 2017.
11. Tilskota vert finansiert slik:
 - a. Tilskotet til Framtidsfylket AS vert dekkja med midlar frå budsjett 2017 tenesteområde 7015 – Nyskaping.
 - b. Tilskotet til Zefyr vert dekkja med midlar frå budsjett 2017 tenesteområde 7019 – Andre næringsområde.
 - c. Tilskotet til Vestnorsk Filmkommisjon vert dekkja med midlar frå budsjett 2017 tenesteområde 7015 – Nyskaping.
 - d. Tilskotet til Ungt Entreprenørskap og prosjektet GreEnt vert henta frå budsjett 2017 tenesteområde 7018 – Kunnskap.
 - e. Tilskotet til Nærøyfjorden Verdsarvpark vert henta frå budsjett 2017 tenesteområde 7019 – Andre næringsområde.
 - f. Tilskotet til Fagskulen og prosjektet Teknologicampus vert henta frå budsjett 2017 tenesteområde 7018 – Kunnskap.
 - g. Tilskotet til Jakob Sande-selskapet vert henta frå 4005, til disposisjon for hovudutval for næring og kultur.
 - h. Tilskotet til Vestnorsk filmsenter vert dekt med midlar frå programområde 4005, til disposisjon for hovudutval for næring og kultur.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

Søknad - Framtidsfylket - Karrieremesser 2018
 Søknad - Zefyr - Tilskot mediefond
 Søknad - Vestnorsk Filmkommisjon
 Søknad - Ungt Entreprenørskap - GreEnt
 Innspel til budsjett - Stiftinga Nærøyfjorden Verdensarvpark

SAKSFRAMSTILLING

1. Søknad om støtte til Framtidsfylkets karrieremesser 2018 og produksjon av magasin (Sakshandsamar: Jo-Andreas Meisfjordskar)

1.1 Bakgrunn

Framtidsfylket AS søker om 250 000 kr i støtte til gjennomføring av karrieremesser i Bergen og Trondheim i 2018, og utgivelse av magainet #utanfilter.

1.2 Historikk

Fylkeskommunen har tidlegare støtta messene slik:

2017: Bergen, Oslo og Trondheim: 200 000 kr , Digitalt magasin: 150 000 kr

2016: Bergen, Oslo og Trondheim: 200 000 kr

2015: Bergen, Oslo og Trondheim: 200 000 kr, Digitalt magasin 150 000 kr

2014: Bergen, Oslo og Trondheim: 225 000 kr. Workshop knytt til messa i Bergen 17 350 kr.
150 000 kr til fornying av portal på nett.

2013: Bergen og Oslo: 215 000 kr. Sogndal: 65 000 kr

2012: Bergen og Trondheim: 115 000 kr. Sogndal: 65 000 kr

2011: Bergen, Oslo og Trondheim: 150 000 kr. Sogndal: 75 000 kr.

2010: Bergen, Oslo og Trondheim: 125 000 kr.

1.3 Nærare omtale

Sogn og Fjordane har sidan 2007 organisert egne fylkesdekkjande karrieremesser i studiebyane Trondheim, Oslo og Bergen. Målsettinga er å vise fram karrieremoglegheitene i arbeidslivet i Sogn og Fjordane. Responen har i alle år vore bra, og messene er innarbeidd som ein viktig møteplass mellom studentar, nyutdanna og næringslivet vårt. Fylkeskommunen har sidan oppstarten vore viktige støttespelarar.

Dei seinare åra har messene i Bergen og Trondheim vakse i storleik, medan messa i Oslo har opplevd ein reduksjon. Som resultat av arbeidet med karrieremesser er det årleg fleire verksemder som rapporterer om tilsetningar. Karrieremessene kan også sjåast i samanheng med at Framtidsfylket Trainee har vekse til å bli det største regionale traineeprogrammet i Noreg.

I 2017 har 22 bedrifter tilsett 27 traineeear. Mange av årets traineeear og tidlegare traineeear rapporterer at dei møtte sin arbeidsgjevar på ei av karrieremessene og/eller fekk viktig kjennskap til traineeprogrammet gjennom messene. Konkrete effektar i omdømebygging for fylket er vanskeleg å måle, men messene bidreg positivt til profilering av fylket.

I 2018 blir det gjort nokre forandringar i gjennomføring av messene.

1) Messa i Oslo vert ikkje arrangert i 2018 med bakgrunn i dårleg publikumstal i 2017. Det betyr ikkje at aktivitet i ein viktig by som Oslo er skrinlagt for godt, men Framtidsfylket ønskjer å bruke litt ekstra tid på å finne ut korleis arrangementet i Oslo skal samle fleire. Erfaring frå alle år er at denne byen skil seg ut med eit annleis publikum.

2) Framtidsfylket skal arrangere eit 90 minuttars miniseminar i forkant av karrieremessene. Dei har invitert inn 7 føredragshaldarar frå ulike bransjar i fylket som kvar får 10 min til å presentere. I tillegg kjem Kjartan Lauritzen for å underhalde. Etter dette vert det 2 timar med ordinært messeoppsett. På denne måten reknar dei med å skape enno meir kunnskap og nysgjerrigheit om næringslivet i Sogn og Fjordane.

1.4 Økonomi

| Budsjettpost | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | SUM |
|--|------|------------------|------|------|------|------------------|
| Administrative utgifter | | 475 000 | | | | 475 000 |
| Bergen 13 feb 2018 - Arrangement seminar og artist | | 175 000 | | | | 175 000 |
| Bergen 13 februar 2018 - lokalleige og servering | | 308 500 | | | | 308 500 |
| Marknadsføring og innholdsproduksjon | | 555 000 | | | | 555 000 |
| Trondheim 25 jan - Arrangement seminar og artist | | 140 000 | | | | 140 000 |
| Trondheim 25 jan 2018 - lokalleige og servering | | 157 250 | | | | 157 250 |
| SUM kostnader | | 1 810 750 | | | | 1 810 750 |

| Finansieringspost | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | SUM |
|--|------|------------------|------|------|------|------------------|
| Eigendel bedriftene som har stands | | 1 320 750 | | | | 1 320 750 |
| Regionråda 4X60 000 | | 240 000 | | | | 240 000 |
| Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2017 | | 250 000 | | | | 250 000 |
| SUM finansiering | | 1 810 750 | | | | 1 810 750 |

1.5 Vurdering

Karrieremessene til Framtidsfylket har utvikla seg til å bli ein viktig arena for rekruttering og som omdømmebygging. I tillegg har det blitt ein god møteplass for aktørar frå næringslivet og offentlig sektor. Karrieremessene, traineeordninga, portalen og magasinet må sjåast i samanheng når vi vurderer verknaden Framtidsfylket sitt arbeid har for Sogn og Fjordane. Målsetninga til Framtidsfylket stemmer godt overeins med verdiskapingsplanen.

1.6 Tilråding

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for næring og kultur til at Framtidsfylket AS vert støtta med 200 000 kr til karrieremessene i Bergen og Trondheim og til produksjon av magasinet #utanfilter.

2 Støtte til mediefondet Zefyr

(Sakshandsamar: Jo-Andreas Meisfjordskar)

2.1 Bakgrunn

Mediefondet Zefyr søker om støtte for 2018. Zefyr er det samla mediefondet for Vestlandet og Sørlandet. Selskapet finansierer i hovudsak langfilm, dramaseriar, dokumentarseriar og dataspel med det siktemål at produksjonane skal bidra til å styrke regionen sitt audiovisuelle produksjonsmiljø.

2.2 Historikk

| | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|-----------------|------|------|------|------|------|------|
| Fuzz AS (Zefyr) | 200 | 200 | 200 | 100 | 200 | 100 |

Tidlegare støtte gjeve til Zefyr (Tall i tusen)

2.3 Nærare omtale

Rammevilkåra til Zefyr vart endra i Kulturdepartementets filmmelding, som blei behandla av Stortinget 1. desember 2015. Resultatet var at ein gjekk frå 5 til 3 regionale filmfond i Norge. Gjennom å fusjonere med Filmkraftfond AS og inngå samarbeid med både Rogaland og Sørlandet, dekker fondet eit område frå Møre og Romsdal til Telemark.

Fondet mottok 6,5 millionar kr i grunntilskot (omlag 928 000 per fylke) frå Kulturdepartementet gjennom Norsk filminstitutt (NFI). Som tidligare går alt statstilskotet vidare som tilskot til produksjonar/prosjekt. Det er også eit krav frå NFI at bidraga frå fylka skal være vesentlege, for at grunntilskotet på kr 928 000 per fylke skal utløyast.

2.4 Vurdering

Mediefondet Zefyr er ei viktig satsing for å ha eit miljø knytt til medieproduksjon utanfor det sentrale austlandsområdet og spesielt inn mot vårt eige fylke. Ei løyving vil utløyse eit tilskot til mediefondet på 928 000 kr. Zefyr kan vise til gode ringverknader i dei aktivitetane som har blitt arrangert i Sogn og Fjordane:

| | Telemark | A-Agder | V-Agder | Rogaland | Hordaland | S&F | M&R |
|-----------------------|----------|---------|---------|----------|-----------|---------|---------|
| Tilskudd fylke/kommur | 312800 | 471240 | 687750 | 3017840 | 3168000 | 276000 | 779960 |
| Statstilskudd KUD | 72623 | 214317 | 385094 | 5821448 | 8391273 | 976138 | 863109 |
| Regional omsetning | 642818 | 1897020 | 3408649 | 51528433 | 74275181 | 8640262 | 7639790 |

Mediefondet er også eit godt eksempel på samarbeid mellom fleire fylkeskommunar og større kommunar. Ved å vere med å støtte eit sterkt regionalt filmfond, vil ein bidra til å skape eit større fagmiljø for denne typen produksjonar. Dette genererer arbeid og overnattingar, samt godt reklame for Sogn og Fjordane og vestlandsregionen.

2.5 Tilråding

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for næring og kultur til at Zefyr vert støtta med 205 000 kr.

3 Søknad om støtte til Vestnorsk filmkommisjon

(Sakshandsamar: Jo-Andreas Meisfjordskar)

3.1 Bakgrunn

Vestnorsk filmkommisjon(VNFK) jobbar for å auke talet på filminnspelingar i Sogn og Fjordane, og bidra til at fylket får utbytte av den statlige insentivordninga for filmproduksjonar.

Filmkommisjonen har sidan 2009 vore lagt til Vestnorsk filmsenter som ei uavhengig finansiert avdeling, med tilskot frå Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland. I perioden 2009-2017 har regionen hatt en tydelig vekst i internasjonal filmproduksjon.

3.2 Historikk

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2017 |
|-------------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Vestnorsk filmkommisjon | 300 | 300 | 300 | 300 | 300 | 300 | 200 | 300 | 300 | 300 |

Tidlegare støtte til Vestnorsk filmkommisjon (Tal i tusen)

3.3 Nærare omtale

VNFK marknadspører og legg til rette for at Sogn og Fjordane vert innspjelingsstad for nasjonale og internasjonale film- og tv-produksjonar. Filmkommisjonen skal gi vestnorsk filmbransje auka oppdragsmengde, kontinuitet, og internasjonal benchmarking. Erfaring frå å jobbe i internasjonale team skapar skjerping i kvalitetskrav, og tilfører bransjen kompetanse og kapasitetsløft som også vil komme lokale filmproduksjonar til gode.

Internasjonale filmproduksjonar bidreg til auka omsetning på innspjelingsstadane.

Filmkommisjonen bidreg også til auka verdiskapning og arbeidsplasser innanfor meir enn berre film, også tenesteytande næring. Filmkommisjonen skal i samarbeid med mellom anna reiseliv og Innovasjon Norge bidra til at innspjelingsane som vert gjennomført på Vestlandet skaper oppmerksomheit om regionen som reisemål, og bidra til å skape eit grunnlag for ein veksande filmturisme.

Filmkommisjonen har ein avdelingsleder, og hentar også inn ekspertise frå det regionale filmmiljøet til engasjement i forbindelse med befaringssturar og henvendelsar. Filmkommisjonen får kvart år over 100 hendingar frå den internasjonale bransjen, både frå mindre tv-produksjonar og reklamefilmjar som har spørsmål om lokasjonar, løyver, logistikk og samarbeidspartnarar, til større kinofilmjar og dramaseriar der prosjektet kan utviklast over fleire år.

3.4 Økonomi

| Budsjettpost | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | SUM |
|--|-------------|------------------|------------------|-------------|-------------|------------------|
| Drift, lokaler, telefon, diverse | | 120 000 | 120 000 | | | 240 000 |
| Kontingenter, diverse | | 60 000 | 60 000 | | | 120 000 |
| Markedsføring | | 250 000 | 250 000 | | | 500 000 |
| Personal, arb, avgift, sosiale kostnader | | 700 000 | 700 000 | | | 1 400 000 |
| Reiser | | 180 000 | 180 000 | | | 360 000 |
| Visningsturer | | 350 000 | 350 000 | | | 700 000 |
| SUM kostnader | | 1 660 000 | 1 660 000 | | | 3 320 000 |

| Finansieringspost | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | SUM |
|--|-------------|------------------|------------------|-------------|-------------|------------------|
| Møre og Romsdal, prosjekttilskudd | | 200 000 | 200 000 | | | 400 000 |
| Møre og Romsdal, driftstilskudd | | 360 000 | 360 000 | | | 720 000 |
| Hordaland, partnerskapsmidler | | 800 000 | 800 000 | | | 1 600 000 |
| Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2017 | | 300 000 | 300 000 | | | 600 000 |
| SUM finansiering | | 1 660 000 | 1 660 000 | | | 3 320 000 |

3.5 Vurdering

Vestnorsk filmkommisjon er avhengig av tilskotet som blir gjeve frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dette er ein viktig del av arbeidet for å få serie- og filmproduksjon til vestlandet og Sogn og Fjordane. Det er god reklame for Sogn og Fjordane at det blir produsert og arbeid med film i fylket. Det set fylket på kartet og er med å marknadsføre regionen på ein god måte. Finansieringa av filmkommisjonen har også vore eit døme på at samfinansiering mellom fleire fylkeskommunar er med på å skape ei sterkare satsing og miljø for film og tv.

3.6 Tilråding

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for næring og kultur til at Vestnorsk Filmkommisjon vert støtta med 300 000 kr.

4 Utvikling av GreEnt

(Sakshandsamar: Jo-Andreas Meisfjordskar)

4.1 Bakgrunn

Ungt Entreprenørskap (UE) søker Sogn og Fjordane fylkeskommune om 500 000 kr i støtte til prosjektet GreEnt. Prosjektet vil forsøke å finne løysingar på sentrale europeiske utfordringar knytt til «Det grønne skiftet» og utvikling av eit grønt tankesett for framtidige generasjonar av EU/EØS entreprenørar.

4.2 Historikk

Ungt Entreprenørskap har ei årleg avtale om støtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune på 900 000 kr sidan 2014. I tillegg har fylkeskommunen dei siste åra støtta UE med:
 2017: 100 000 kr til fagleg forankring studentbedrift
 2016: 50 000 kr til GreEnt-Prosjekt
 2015: 65 000 kr til utvikling av programmet studentbedrift.
 2015: 100 000 kr Eco-Camp og klimapris

4.3 Nærmare omtale

GreEnt prosjektet er eit omfattande internasjonalt prosjekt som er finansiert av Erasmus+. 5 deltakarland har over 2 år utvikla det pedagogiske innhaldet i prosjektet, der UE Sogn og Fjordane har vore den norske partnaren. Målet er å få ei spreing av det pedagogiske innhaldet som består av ein eigen læreplan samt 36 leksjonar som direkte kan takast i bruk i undervisninga i ulike fag samt undervisning i entreprenørskap. UE Sogn og Fjordane har ansvar for spreing av GreEnt i Noreg og har medansvar saman med dei andre deltakarlanda formidling i Europa og ellers i verden.

Prosjektet ser behovet for å omforme dagens økonomi til ein grønare økonomi, og å utvikle ferdigheiter som trengs for å utvikle både grønne jobbar og entreprenørskap.

Ungt Entreprenørskap vil gjere følgende aktivitetar:

1. Vidareutvikle innhaldet i GreEnt prosjektet.
2. Tilpasse innhaldet til Ungt Entreprenørskap sine bedriftsprogram.
3. Få fram fleire grønne elev- ungdoms- og studentbedrifter i fylket.
4. Bygg nettverk mellom skule- , bedrifts- og organisasjonsliv i fylket med tema grønt entreprenørskap som hovudfokus
5. Spreie GreEnt materiellet i fylket, nasjonalt og internasjonalt
6. Oppretthalde samarbeidet med dei 4 andre deltakarlanda i prosjektet

4.4 Økonomi

| | |
|---|----------------|
| UTGIFTER | |
| Innovasjonscampar GreEnt x 15 | 180 000 |
| Tilpasning til UE sine bedriftsprogram | 50 000 |
| Samarbeid med utvalde kommunar / vidaregåande skular | 100 000 |
| Årlege erfaringssamlingar for lærarar | 20 000 |
| Nettverksbygging med bedrifter | 50 000 |
| Omsetting av GreEnt materiellet | 50 000 |
| Reiseutgifter / servering innovasjonscampar | 100 000 |
| Arbeid med tilrettelegging av nettside greent.no | 50 000 |
| Kurs og informasjonsverksemd | 50 000 |
| Reiseutgifter for deltaking på internasjonale arenaer | 100 000 |
| SUM | 750 000 |
| Finansiering | |
| Sogn og Fjordane fylkeskommune | 500 000 |
| Storebrand avtalen | 100 000 |
| Ervik Havfiske | 50 000 |
| Flora kommune | 50 000 |
| Anna offentleg / privat finansiering | 50 000 |
| SUM | 750 000 |

4.5 Vurdering

Prosjektet er spennande og treff godt innanfor område som internasjonalt samarbeid og kunnskap om klimaomstilling. Prosjektet er med å styrke kunnskapen om klimaforandringar i bedriftsprogrammet til Ungt Entreprenørskap, er ei riktig satsing i tida som kjem framover. I denne søknaden går vi også saman med fylkesrådmannen sin planstab, som kan gå inn med støtte i lag med oss for opp til 200 000 kr frå klimamidlane (100 000 kr per år). Prosjektet vil også styrke satsingane fylkeskommune elles har med Ungt Entreprenørskap, noko som er positivt for utviklinga av ungdomsbedrifter og unge gründerar. Fylkesrådmannen ser behov for ei avklaring med opplæringsavdelinga for å finne ut korleis samarbeidet mellom Ungt Entreprenørskap og dei vidaregåande skulane skal avtalast.

4.6 Tilråding

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for næring og kultur til at det vert sett av 200 000 kr til Ungt Entreprenørskap sitt prosjekt GreEnt. Fylkesrådmannen får fullmakt til å ta endeleg stilling til søknaden.

5 Grunnfinansiering av Stiftinga Nærøyfjorden Verdensarvpark

(Sakshandsamar: Adrian Husabø Bjørset)

5.1 Bakgrunn

Nærøyfjorden verdsarvpark søker om 500 000 kr i årleg tilskot til grunnfinansiering av verksemda. Nærøyfjorden verdsarvpark er ei stifting med føremål om å koordinere og samordne innsatsen for verdsarvstatusen for Nærøyfjorden. Drifta av stiftinga har i stor grad vore basert på statlege

inntekter som dei siste åra har vorte redusert. Stiftinga har ved fleire høve dei seinare åra etterlyst ei ordning for langsiktig grunnfinansiering frå stiftarane. Hittil har ikkje fylkeskommunen funne budsjettmidlar til ei slik varig driftsstøtte.

Hovudutval for næring og kultur har i sak 53/2017 bedt administrasjonen kome med forslag til løysing for finansiering av Nærøyfjorden Verdsarvpark.

5.2 Historikk:

- HNK 71/13: Hovudutval for plan og næring slo i sak 71/13 fast viktigheita av å bidra med midlar grunnfinansiering av stiftinga. Vurderingar rundt finansiering og storleik vart gjort gjennom budsjettprosessen, kor ein ikkje fann rom for ei slik støtte.

- HPN 24/15: Søknad om tilskot til grunnfinansiering av parkverksemda samt gjennomføring av handlingsplanen for 2015. Hovudutvalet for plan og næring fann ikkje rom for å støtte stiftinga.

- HNK 38/16: Administrasjon vart bedt om å utarbeide ei ny sak om finansiering av Nærøyfjorden verdsarvpark utan at ein fann rom for det innanfor dei rammene ein då hadde til rådvelde.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at fylkeskommunen for åra 2016 og 2017 har løyvd til saman 643 900 kr til stiftinga i prosjektstøtte.

5.3 Nærare omtale

Nærøyfjorden verdsarvpark vart skipa i 2008 av kommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss samt Sogn og Fjordane fylkeskommune for å samordne innsatsen for verdsarvsområdet. Stiftinga sitt årlige budsjett har vore mellom 5 og 6,5 mill. og har vore dekt blant anna av verdsarvmidlar frå Miljødirektoratet.

Stiftinga ser no føre seg å få på plass ei meir permanent grunnfinansiering av verksemda. Det vert førespegla ein modell kor Sogn og Fjordane fylkeskommune bidreg med 500 000 kr, Aurland kommune med 200 000 kr og dei øvrige kommunane med 100 000 kr, til saman 1 000 000 kr. Pr. i dag er det berre kommunane Aurland, Vik og Voss som bidreg med ei fast økonomisk støtte.

5.4 Vurdering

Fylkeskommunen har som samskipar av Nærøyfjorden Verdsarvpark interesse av å sikre ei føreseieleg finansiering av stiftinga si verksemd. Ein har ved fleire høve gitt positive signal om å få på plass ei slik finansiering utan at det har resultert i noko konkret.

Hovudutval for næring og kultur har ikkje fullmakt til å gjere løyvingar for seinare budsjettår og finansieringa må difor løysast innanfor dei midlane ein disponerer i budsjettet for 2017.

Ein har heller ikkje høve til å nytte midlar frå kommunal og moderniseringsdepartementet då desse ikkje kan nyttast til driftsstøtte. Støtta må difor finansierast av fylkeskommunale driftsmidlar avsett i budsjettet for 2017.

Med desse restriksjonane finn ein ikkje rom for å kunne tildele heile det omsøkte beløpet på 500 000 kr pr. år innanfor dei rammene som er gitt av budsjettet for 2017. Fylkesrådmannen har derimot funn rom til eitt årlig bidrag på 200 000 kr for kvart av åra 2018 og 2019 løyvd frå dei fylkeskommunale midlane avsett i nærings- og kulturavdelinga sitt budsjett for 2017. Ein er klar over at dette ikkje representerer den langvarige finansieringsløysinga som stiftinga hadde sett føre seg, men gitt dei rammene ein har tilgjengelig samt den noko uklare situasjonen til fylkeskommunen etter 2019 er dette det beste ein kan få til pr. i dag.

Løyvinga vert gitt under føresetnad om at alle medstiftarane går inn med midlar til grunnfinansiering av stiftinga.

5.5 Tilråding

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for næring og kultur til at Nærøyfjorden verdsarvpark vert støtta med 400 000 kr fordelt med 200 000 kr for kvart av åra 2018 og 2019 under føresetnad av at alle medstiftarane forpliktar seg til ei fast økonomisk støtte for åra 2018 og 2019.

6. «Teknologicampusprosjektet» - søknad om midlar (Sakshandsamar: Rolf Årdal)

6.1 Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok i Fylkestinget juni 2014 Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane 2014-2025. Den skal vere styrande for arbeidet med verdiskaping i fylket. Som eit tillegg

til planen vart det utvikla ein eigen industristrategi. Industristrategien vart vedteken i oktober 2015, der ein av delstrategiane er å etablere «Teknologicampus Sogn og Fjordane». Sogn og Fjordane har ikkje evna å kople saman utdanningsinstitusjonane og næringslivet på ein god måte.

For å ivareta behovet for auka samhandling er det behov for meir ressursar inn i prosjektet. Hovudformålet med midlane er å styrke arbeidet med koordinering m.o.t. felles lab- og utstyrskonsjonar, utdanningsstrategiar, og praktisk tilrettelegging for aktivitetar i eit kurs- og kompetansesenter. I koordineringsarbeidet er det vesentleg å inkludere næringslivet.

Ei sterkare samhandling og samarbeid vil bidra til å auka kompetanseutvikling, både hos utdanningsinstitusjonane og næringslivet.

6.2 Nærare omtale

Utviklingsarbeidet definerer 4 utviklingsområder:

- a) Felles lab- og utstyrskonsjonar.
- b) Utdanningsstrategiar.
- c) Kurs- og kompetansesenter.
- d) Innovasjon, forskning og utvikling.

6.3 Økonomi

Det er innan utviklingsområda a), b), og c) hovudaktiviteten er pr. idag, og vil legge grunnlaget for utviklingsområde d). Innovasjon, forskning og utvikling er så langt definert som ein meir langsiktig utviklingsprosess, men er i ønska satsing for Høgskulen på Vestlandet.

Kostnadsplan:

| | |
|------------------|---|
| 800 000 | Koordinering lab- og utstyrskonsjonar og utvikling av utdanningsstrategiar. |
| <u>3 000 000</u> | <u>Kurs- og kompetansesenter</u> |
| 3 800 000 | Sum |

Finansieringsplan:

| | |
|----------------|---------------------------------------|
| 1 100 000 | Fagskulen i Sogn og Fjordane |
| 1 900 000 | Kunnskapsdepartementet |
| <u>800 000</u> | <u>Sogn og Fjordane fylkeskommune</u> |
| 3 800 000 | Sum |

Vidare i prosjektutviklinga vil det vere naturleg å søke medfinansiering hos andre aktørar. T.d. har Fagskulen i Sogn og Fjordane og Høgskulen på Vestlandet søkt Norgesuniversitetet om prosjektmidlar for digital kompetanseutvikling i næringslivet.

6.4 Vurdering

Forprosjektet konkluderte med at det er eit grunnlag å gå vidare for med eit hovudprosjekt. I første del av 2017 har det vore arbeid med å vurdere grunnlaget for å etablere hovudprosjektet gjennom ei større og samtidig samlokalisering mellom utdanning, verkemiddelapparat og bedrifter. Denne prosessen har så langt avklart at partane i første omgang legg merksemda mot ein noko lengre prosess, der utviklinga i større grad vert bygd på konkrete etableringar av konsjonar og aktivitetar som byggjer opp under hovudmålsettingane.

Hovudformålet med midlane er å styrke arbeidet med koordinering m.o.t. felles lab- og utstyrskonsjonar, utdanningsstrategiar, og praktisk tilrettelegging for aktivitetar i eit kurs- og kompetansesenter. Fagskulen tek ei leiande rolle i partnerskapen og har også fått tildelt 1,9 mill. kr frå Kunnskapsdepartementet, og i tillegg lagt 1,1 mill kr i egne midlar for å utvikle eit næringsretta kurs- og kompetansesenter.

Det er så langt etablert eitt delprosjekt knytt til elkraft der både utdanning (høgskule, fagskule, vidaregåande opplæring) og energibransjen er representert. Vidare vert det også etablert liknande delprosjekt knytt til industriteknologi, byggeteknologi og havbruksteknologi. Delprosjekta har som intensjon å involvere mange partar i samhandling mellom utdanning og arbeidsliv. Samhandlinga skal ivareta og bygge opp næringslivet sitt kompetansebehov saman med bransjen sjølv, ved å danne kompetansegrupper i delprosjekt. Når kompetansebehovet er avdekket krev det ressursar for å utvikle innhald, logistikk og marknadsføring. Kursa vert gjennomført ved bruk av felles lab- og utstyrskonsjonar. Undervisningsressursar vert henta frå høgskule, fagskule eller andre kompetanseressursar.

Delprosjektet «Elkraft» har per i dag oppretta ei kompetansegruppe. Grappa arbeider med å avdekke kompetansebehovet, det vert gjennomført drøftingar med bedriftene i kompetansegruppa og vurderer kva intern kompetanse det er behov for. Så langt i arbeidet har bransjen uttrykt behov både innan sertifisering, vedlikehald og reparasjon. Etter at alle drøftingane er ferdig skal gruppa samlast og kompetansebehovet skal omdannast til relevante kurspakkar. Kurspakkane vert tilbydd alle bedriftene i kompetansegruppa og til alle bedriftene i regionen. I nokre høve vil vi tilby kompetansen nasjonalt. I dette arbeidet vil det vere behov for ein «delingskoordinator». Koordinatoren si oppgåve vert å administrere kompetanseutviklinga og kurspakkane i samarbeid med fagpersonane i utdanning og bransjen. I rolla «delingskoordinator» ligg fleire oppgåver:

- Koordinere bruken av felles lab- og utstyrsfunksjonar for vidaregåande opplæring, fagskule, og høgskule.
- Koordinere utviklingsarbeidet for å styrke samanhengen i utdanningsløpet frå ungdomsskule til høgare utdanning.
- Praktisk gjennomføring av utdanninga i bransjen i samarbeid med undervisningspersonale.
- På sikt koordinere innovasjonsarbeide som vert bygd opp omkring felles lab- og utstyrsfunksjonar.

Med ei forventa aktivitetsutvikling framover innanfor fleire fagområder genererer dette behov for meir ressursar inn i prosjektet for å ivareta kvalitet i samhandling og koordinering. Uavhengig av dei resultatane ein oppnår m.o.t. eit kurs- og kompetansesenter vil prosjektet ha stor verdi for utdanningsinstitusjonane. Eit auka samarbeid mellom høgskulen, fagskulen og vidaregåande skule vil ha synergjar m.o.t. kompetanse, investeringar og arealeffektivisering.

6.5 Tilråding

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for næring og kultur at Fagskulen i Sogn og Fjordane vert støtta med 400 000 kr i 2017 og 400 000 kr i 2018 til Teknologicampusprosjektet.

7 Støtte til Forprosjekt Jakob Sande. Kulturmidlar utviklingstiltak (Sakshandsamar: Sissel Aarseth)

7.1 Nærare omtale

Jakob Sande-selskapet søkjer 100 000 kr til eit forprosjekt som skal konkludere med drifts-/organisasjonsform for eit Jakob Sande-senter.

Jakob Sande-selskapet gjennomførde i 2016 eit arbeidsseminar der det vart sett ned to hovudmål for selskapet:

1. Å få Jakob Sande-diktinga, musikken og kunnskapen om hovudpersonen "ut i verda".
2. Å få "verda" til å komme til Jakob Sande-tunet for å oppleve Jakob Sande si dikting eller annan kultur i det autentiske miljøet i Klokkargarden.

For å nå måla ønskjer ein å etablere eit Jakob Sande-senter i Dale. Det skal skje ved å gi meir innhald til dei eksisterande bygningane i Klokkargarden. I tillegg vil ein nytte skular, ungdomshus og UWC som lokale for senteret sin aktivitet. Med lokale på plass er utfordringa å skape innhaldet og tilbodet senteret skal ha, og til det trengst det driftsmidlar som også må inkludere midlar til stillingar.

Det har vore gjennomført drøftingar mellom Nynorsk kultursentrum i Ørsta, Jakob Sande-selskapet og Sogn og Fjordane fylkeskommune om samarbeid om eit Jakob Sande-senter. Det har vore skissert fire ulike modellar;

- Senter drifta etter modell av Olav H. Hauge senteret i Ulvik der Nynorsk kultursentrum både eig og driv senteret.
- Fagleg samarbeid mellom Jakob Sande-senteret og Nynorsk kultursentrum. Støtta av kulturdepartementet/kulturrådet, fylkeskommunen og kommunane i Sunnfjord.
- Ein lokal modell støtta av fylkeskommunen
- Ein rein lokal modell støtta av Fjaler kommune

Med dette som bakgrunn ønskjer Jakob Sande-selskapet å gjennomføre eit forprosjekt som skal ha som mål å komme fram til ei drifts-/organisasjonsform for eit Jakob Sande-senter som kan

- sikre ei forsvarleg drift av Jakob Sande-selskapet på kort sikt
- finne ei berekraftig organisasjons- og driftsform for eit Jakob Sande-senter på lang sikt

Jakob Sande-selskapet søker Fjaler kommune om 100 000 kr i tillegg til egne midlar på 40 000 kr. I tillegg er fylkesrådmannen orientert om at HAFS-kommunane og SIS-kommunane diskuterer Jakob Sande som fellessatsing, og det er lagt inn ein post på 80 000 kr kalla prosjektstøtte andre kommunar i budsjettet for forprosjektet.

7.2 Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen vurderer at denne søknaden har eit utviklingsperspektiv jf. retningslinene. Det kjem fram i søknaden at ein ønskjer å undersøke nye tiltak og arbeidsformer og samarbeid.

Satsinga på Jakob Sande si dikting og formidling av kulturarven er i tråd med kulturstrategien og særleg i høve til nynorsk som styrke for identitet og utvikling.

Fylkesrådmannen ser at utviklingsarbeidet som har skjedd frå 2009 har lagt eit viktig grunnlag for å konkludere med ei vidare arbeidsform. Det har no utkrystallisert seg fire alternativ for vidare arbeid, og det er Fylkesrådmannen si vurdering at det no er tid for å konkludere og arbeide vidare fram til ein god og berekraftig driftsmodell for eit Jakob Sande-senter. For eit vidare samarbeid og økonomisk stønad til arbeidet er det viktig at ein har eit regionalt perspektiv på innhald og aktivitet i eit slikt senter. Det er også ei føremøn at Sogn og Fjordane fylkeskommune er med i det vidare utviklingsarbeidet.

Fylkesrådmannen rår difor til at restsummen på 75 000 kr vert løyvd til Jakob Sande-selskapet. For å imøtekomme søknaden fullt ut, har fylkesrådmannen også etter delegert mynde løyvd 25 000 kr av kulturmidlane, slik at samla løyving vert 100 000 kr.

7.3 Tilråding

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for næring og kultur til at Jakob Sande-selskapet får ei løyving på kr 75 000 til forprosjekt «Jakob Sande – Diktaren og husa og forteljningane.»

8 Driftsstønad Vestnorsk filmsenter 2018

(Sakshandsamar: Sissel Aarseth)

8.1 Nærare omtale

Vestnorsk filmsenter (VF) søker om 200 000 kr i driftstilskot for 2018. Vestnorsk filmsenter har i 2017 stor aktivitet. I Sogn og Fjordane har dei i løpet av året registrert ei tilflytting av filmskaparar til Sandane og Florø, noko dei håper vil forsterke seg i åra framover. VF deltok på Kulturkonferansen i Førde 23. og 24. mars og haldt innlegg for HNK i møte 07.02. Vidare deltok dei på møte i Vestlandsrådet 26.02., der Filmkommisjonen og vidare filmsamarbeid var tema. I september arrangerte VF, saman med VNFK og Zefyr, eit filmmøte mellom Bergen kommune, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkeskommunar. I april var éQuinox Europa tilbake i Balestrand for 3.gong med manus-programmet sitt, dei uttalar at "We are returning to Western Norway for our 20th edition of our program as the country offers one of the most inspiring environments for creative work."

VF er ein del av staten og regionen sitt verkemiddelapparat for film og den profesjonelle bransjen. Dei gir tilskot til utvikling og produksjon av kort - og dokumentarfilm, samt støtte til manusutvikling. Vidare vert det gitt støtte til kompetansehevande tiltak og talentutvikling, og tiltak retta mot born og unge. I 2018 vert dette arbeidet vidareført, og i Sogn og Fjordane skal VF ha fokus på å opprette nye arenaer for samarbeid, spesielt knytt opp mot ungdom. Vidare arbeider VF saman med de andre regionale filmsentra for at Kulturtanken også skal ha fokus på filmfeltet og oppretthalde gode prosjekt innanfor feltet. Til saman disponerer VF 4 årsverk, i tillegg er det knytt eit årsverk til WNFC. Å byggje opp filmkompetanse i Sogn og Fjordane er eit langsiktig mål. Fylket får gjennom samarbeidet tilført kompetanse og tilgang på eit omfattande nettverk og system for kompetanseheving, samt tilgang på midlar.

VF er rådgjevande organ for fylkeskommunen på filmområdet. Med aktive filmarbeidarar i fylket ser VF optimistisk på tida framover. Tiltak i 2018 : - Byggje opp kontaktpunkt mellom lokale miljø og VF. Det er igjen etablert eit samarbeid med Firda VGs. Samarbeidet med Sogndal og Hafstad vgs. aukar. Fagdag og manusworkshop vert planlagt. - Ein konferanse om turisme er planlagt i Balestrand i november – her vil VF/Filmkommisjonen kome med innspel og følgje opp. - VF vil ta initiativ til å opprette eit tilbod innan dokumentarfilm etter modell frå Bergen kulturskule - Det vert arbeid for eit talent - og kompetansesenter i regionen. - Strategi for regionen Rogaland,

Hordaland, Bergen, Sogn og Fjordane samt Møre og Romsdal: møtepunkt mellom fylkeskommunane bør gjennomførast jamleg og sette i gong strategiarbeid med fokus på felles problemstillingar og oppgåver, med vekt på korleis ein skal fokusere på politisk arbeid innan filmfeltet - Samarbeidet med BRAK fortsetter Kostnads - og finansieringsplan VF har framleis svært stramme driftsbudsjett. Aktivitet, søknader og anna arbeid har auka dei siste åra . Det er ikkje lagt opp til en auking frå dei andre tilskotsgivarane.

8.2 Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen viser til Filmmelding for Vestlandet der dei fire fylkeskommunane – via Vestlandsrådet – har peika på ønskje om ein aktiv filmpolitikk. I Meld. St. 30 (2014 - 2015) – «En framtidrettet filmpolitikk» trekkjer regjeringa, med tilslutning frå Stortinget opp filmpolitikken framover, der dei legg stor vekt på regionale satsingar. Tilrådingane i saka her er eit forsøk på å tilpasse oss både vår eiga filmmelding, men også den nasjonale filmpolitikken innan dei økonomiske rammer vi har.

Det er viktig for Sogn og Fjordane at det blir produsert og arbeidd med film i fylket. Det set oss på kartet, og kan vere med å marknadsføre regionen på ein god måte. Ferdige produksjonar gir auka merksemd mot Sogn og Fjordane. Film er ein viktig ambassadør for fylket samtidig som den skapar identitet og tilhørsle. Vestnorsk filmsenter sitt arbeid er med og støttar opp om kulturstrategien si satsing på profesjonell kunst og kultur i fylket. Dei støttar og legg til rette for kompetanseheving for filmskaparar i vestlandsfylka, også unge talent på veg opp og fram. Fylkesrådmannen vurderer at ein gjennom dialog med Vestnorsk filmsenter vil freiste å auke aktiviteten i fylket og på sikt auke tilskotet til Vestnorsk filmsenter. Fylkesrådmannen støtter opp om strategi arbeidet for regionen .

8.3 Tilråding

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for næring og kultur til at Vestnorsk filmsenter vert løyvd 100 000 kr i driftstøtte i 2018.

9 Fullmakt på restmidlar

9.1 Bakgrunn

Næringssektoren sine midlar kjem hovudsakleg i form av regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Desse er overførbare frå det eine året til det andre. Dei midlane som ikkje vert nytta ved årsslutt vert overført til seinare bruk, der hovudutvalet tildeler midlane t.d. det påfølgjande året. Noko av midlane til sektoren er også fylkeskommunale driftsmidlar. Desse skal nyttast det aktuelle budsjettåret. Ein kan unntaksvis overføre unytta driftsmidlar til det komande året, når det er klare vedtak på bruken av midlane.

9.2 Nærmare omtale og vurdering

I samband med årsavslutninga vert alle budsjettpostar gjennomgått, og det er då stundesvis mindre summar med driftsmidlar att på nokre av budsjettpostane. Fylkesrådmannen ber hermed om fullmakt til å disponere desse restmidlane. Eitt aktuelt tiltak i denne samanhengen er å finansiere trainee ved Nærings- og kulturavdelinga sin næringsseksjon frå hausten 2018.

9.3 Konklusjon

Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere resterande driftsmidlar på næring og kultur sitt budsjett for 2017, programområde 701 næringsretta innsats.

10 Overføring av breibandmidlar frå 2017 til 2018

(Sakshandsamar: Egil Henning Ytrøy)

10.1 Bakgrunn for saka

Frå 2014 vart det innført ei ny tilskotsordning for breibandutbygging i område der det ikkje er kommersielt lønnsamt å byggje ut for leverandørane. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (NKOM) forvaltar støtteordninga etter oppdrag frå Samferdselsdepartementet. Kommunar og fylkeskommunar kan søke NKOM om tilskot ein gong i året. Sogn og Fjordane fylkeskommune har i samarbeid med IT-forum og kommunane kome fram til ein modell der kommunane søker via fylkeskommunen. Fylkeskommunen samordnar, kvalitetssikrar og pakkar søknadane i større fylkessøknader. Dette er ein modell som har gitt god utteljing dei siste åra.

Konkurransen om dei statlege tilskotmidlane er venta å verte enda større frametter. Behovet for breibandutbygging i fylket er framleis stort og Sogn og Fjordane har lågast breibanddekning av

fylka i Noreg.

Staten bidreg med om lag 1/3 av totalkostnaden med breibandutbygging i område der det ikkje er kommersielt lønnsamt å byggje for leverandørane. Det resterande må finansierast lokalt. Sogn og Fjordane fylkeskommune har sett av midlar til medfinansiering i prosjekta i fylket.

10.2 Nærare omtale

I 2017 vart det utarbeidd og sendt inn tre hovudsøknadar til NKOM. Prioriteringa og inndelinga vart gjort i tett dialog mellom fylkeskommunen, IT-Forum og kommunane. To av søknadane var prioritert:

Søknad A1 (prioritert søknad)

| Kommune | Prosjekt | Tal husstandar | Søknadsum |
|----------|--------------------------------------|----------------|-------------------|
| Eid | Eidpakken | 330 | 4 860 000 |
| Flora | Florapakken | 148 | 2 368 000 |
| Vågsøy | Nord-Vågsøy, Halsør og Vedvik | 188 | 2 470 000 |
| Stryn | Strand Beinnes til Tistam | 357 | 5 355 000 |
| Jølster | Helgheim, Dvergsdalen og Myklebust | 113 | 1 430 000 |
| Naustdal | Dalen | 381 | 4 550 000 |
| Sogndal | Ølmheim-Slinde - Fimreite og Barsnes | 120 | 1 950 000 |
| Vik | Seljadalen/Ovrisdalen | 178 | 2 700 000 |
| | | 1 815 | 25 683 000 |

Søknad A2 (prioritert søknad)

| Kommune | Prosjekt | Tal husstandar | Søknadsum |
|----------|--|----------------|-------------------|
| Førde | Mo-Sunde | 166 | 2 500 000 |
| Gaular | Rørstad - Viksdalen | 275 | 3 150 000 |
| Selje | Dalsskaret - Ervik | 117 | 1 410 000 |
| Gloppen | Restområder i Gloppen | 580 | 6 694 800 |
| Gulen | Brekke, Byrknes, Dalsøyra og Eivindvik | 504 | 6 000 000 |
| Høyanger | Lavvikdalen og omegn | 55 | 950 000 |
| Luster | Veitastrond - Mollandsmarki og omegn | 215 | 3 400 000 |
| | | 1 912 | 24 104 800 |

Søknad B (uprioritert søknad)

| Kommune | Prosjekt | Tal husstandar | Søknadsum |
|---------|--------------------------------------|----------------|------------------|
| Gulen | Eidsbotn - Sløvåg | 70 | 1 000 000 |
| Selje | Flatraket- Rundereim - Kjøde — Sande | 325 | 5 500 000 |
| Vik | Bødalen | 192 | 2 800 000 |
| | | 587 | 9 300 000 |

Finansieringa av prosjekta var fordelt slik i søknadane:

38 %: NKOM

38 %: Fylkeskommunen, kommunane, innbyggjarane, grendelag, mfl.

24 %: Breibandleverandørane

Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde i år 8,265 millionar kroner til fordeling:

Budsjett 2017: 7,277 mill. kr.

Restmidlar: 0,345 mill. kr.

Renter 2016: 0,643 mill. kr.

Sum 8,265 mill. kr.

Fordelinga av fylkeskommunale midlar vart gjort etter tal husstandar i søknadane og med desse summene:

Søknad A1: kr 4.024.958,-

Søknad A2: kr 4.240.065,-

Søknad B : kr 0 (ikkje prioritert søknad og derav ikkje avsett midlar til medfinansiering frå fylkeskommunen.

Søknad A2 fekk tilskot frå NKOM som omsøkt, og utbyggingsprosjekta i søknaden vert gjennomført. Det står såleis att kr 4.024.958,- frå årets fylkeskommunale løyving i og med at søknad A1 ikkje fekk finansiering frå NKOM i 2017.

10.3 Vurdering

Søknad A1 vil bli vidareført i neste års søknadsrunde og vil framleis ha behov for fylkeskommunal medfinansiering, til liks med nye prosjektsøknadar som kan komme inn.

For dei prosjekta i kommunane som fekk finansiering frå NKOM og fylkeskommunen i 2016 er dei fleste i gang med utbygging som planlagt. Det er derimot nokre få prosjekt frå 2016-søknadsrunden som har blitt dyrare enn først berekna i samband med søknaden.

Kostnadsauken kan relaterast til manglande transportveggar i form av fiber inn til utbyggingsområda, noko som utgjer ein vesentleg kostnad i prosjekta. Dette er tilhøve som kommunane ikkje har oversikt over på søknadstidspunktet. I sin tur gjer kostnadsauken at prosjekta står i fare for ikkje å bli realisert.

Fylkeskommunen ved Nærings- og kulturavdelinga ynskjer derfor å ha ein dialog med dei aktuelle kommunane om eventuell tilleggsøyving frå fylkeskommunen, med sikte på å få bygd ut alle områda i 2016-søknaden som planlagt.

10.4 Tilråding

Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere unyttta breibandmidlar på næring og kultur sitt budsjett for 2017.

11 Saksopplysning

Fylkesdirektøren for næring og kultur er med i styret til Fagskulen jamfør punkt 6 i tilrådinga. Han kan vere inhabil som følge av styrevervet. For sikkerheits skuld er denne saka godkjent av assisterande fylkesrådmann.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)